



Sauda Bridgeklubb

Meisterpoeng 2024



Sauda bridgeklubb arrangerte 96 spelekveldar med klubbpoeng i 2024 – èin meir enn i 2023. I tillegg blei det spelt om krets-poeng i poenghausten èin gong. 39 spelarar har oppnådd poeng, mot 38 i 2023. Til saman er det kvittert ut 5 628 klubbpoeng – mot 6 055 klubbpoeng året før og 4 716 i 2022 og 3 909 i 2021. Nedgangen kan ha fleire årsaker.

For andre år på rad er Egil Nerheim den mest ivrige poengsankaren – denne gongen med 696 klubbpoeng. På poenghai-pallen får han Arne Gothi og Tore Seim. Det kan for øvrig nemnast at klubbpoengrekorden for eitt bridgeår stammar frå 2004 og lyder på 1 171 poeng.

Dei siste sesongane har lengda på adelskalenderen auka jamt. Det kom til fire nye namn i 2023 – og heile seks namn i 2024. På lista over oppnådde klubbpoeng i Sauda bridgeklubb sidan klubben slutta seg til ordninga i 1969 inneheld nå 244 namn!

I toppen av lista er det sjeldan store røkeringar. Lenger nede, derimot, kjem det av og til nokre rakettar frå djupet... Fjorårets sjefsklatrar Charles Hauge, då med 116 plassar, avanserte fine 20 plassar i 2024 og er nå innanfor topp 100. Årets klatrar er imidlertid ein af fjorårets nykommarar. Med 25 nye klubbpoeng i tillegg til dei 7 frå året før, klatrar Leif Fjellro 50 plassar!

Bjørn Idar Djuvik har passert 1 000 klubbpoeng i Sauda BK og med det passert kravet til klubbmedaljen i bronse.

Tre av klubbens spelarar har klart kravet til ny nål sidan sist årsmøte. Ein spelar passerte i løpet av 2024 100 meisterpoeng og kan med det kalla seg hjartermester: Solveig Sivertsen. I tillegg har Kjersti Ljung passert 15 meisterpoeng og blitt rutermeister og Erik Espevik har samla dei åtte meisterpoenga som trengst for å bli kløvermeister med stjerne. Gratulerer.

16.1.2025

Knut Atle M. Seim,
meisterpoengansvarleg